

60 sekkar med korved att

14.12.2012



Koret Røysterett for alle vert finansiert mellom anna med ved frå Hauglandområdet, nærare bestemt bjørk og ask frå eigedommen til Kåre Vetrhus - ein av kormedlemmene. Koret har gjennomført korvedhogst på dugnad for andre gongen, tilsaman 180 sekkar og veden er turr og i hus.

Men det er 60 sekkar att på lageret og hvis nokon vil ha fin ved til jul er det berre å ringja 930 39003, opplysar Kåre til uskedalen.no Prisen er 65 kroner pr. sekk og pengane går rett i korkassa ettersom Kåre stillar veden gratis til disposisjon.

Omtrent halve koret har hatt 4 dugnadsøkter og det var under ei av øktene biletet over vart teke av Kåre.

Av ola Matti Mathisen